

---

**Fra:** Helene Ødven <helene.odven@dnt.no>  
**Sendt:** 26. juni 2018 14:55  
**Til:** Åge A. Landro; Øyvind H Oddekalv; Ordfører Lindås; Jon Askeland  
**Kopi:** Oddmund Dingen; Lars E. Torgilstveit; Bjørn Sagstad; Rolf Hermansen; oyvorhl@gmail.com  
**Emne:** SV: Befaring til Håøya i Meland tirsdag kl 1600

Hei Åge,

Takk for invitasjon!

Håpar de fekk ei god synfaring førre veke.

Vi har ikkje hatt kapasitet til å delta på synfaringa, det er ei svært hektisk periode for oss i administrasjonen på forsommaren.

Sjølve rehabiliteringa av Kommandantboligen og friluftsområdet rundt ser vi på som svært positiv for det nære friluftslivet og for å ta vare på ei viktig kulturhistorie. Vi forstår at sjølve rehabilitering av bygningsmassen er noko BOF vil ta seg av.

Vi har drøfta evt. dugnadsinnsats når hytteanlegget kjem i driftsfase saman med Nordhordland Turlag. Det er jo naturleg at eit samarbeid i så fall er basert på frivillig arbeid, men eg kan gjerne vere med å koordinere og avklare no i starten.

Vil de vere høve for å ta ei prat ein dag, kven held i prosessen med å avklare organisasjonar og personar som har meldt si interesse?

Ha ein nydeleg ettermiddag! 😊

Helsing Helene Ødven

Beste turhelsing

Helene Ødven  
Daglig leiar

Bergen og Hordaland Turlag  
Telefon: 55 33 58 10 (sentralbord)  
Mobil: 98 24 98 08

**Bergen og Hordaland Turlag**



Lik oss på Facebook: <https://www.facebook.com/bergenoghordalandturlag>  
eller besøk vår heimeside: <https://www.bergenoghordalandturlag.no/>



---

**Fra:** Åge A. Landro [<mailto:aage.landro@bof.no>]

**Sendt:** 12. juni 2018 14:19

**Til:** Øyvind H Oddekalv <[Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no](mailto:Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no)>; Ordfører Lindås <[ordforar@lindas.kommune.no](mailto:ordforar@lindas.kommune.no)>; Jon Askeland <[jon.askeland@radoy.kommune.no](mailto:jon.askeland@radoy.kommune.no)>; Helene Ødven <[helene.odven@dnt.no](mailto:helene.odven@dnt.no)>

**Kopi:** Oddmund Dingen <[oddmund.dingen@bof.no](mailto:oddmund.dingen@bof.no)>; Lars E. Torgilstveit <[lars@bof.no](mailto:lars@bof.no)>; Bjørn Sagstad <[bjorn@bjornsagstad.com](mailto:bjorn@bjornsagstad.com)>; Rolf Hermansen <[rolf.af@designfelleskapet.no](mailto:rolf.af@designfelleskapet.no)>

**Emne:** Befaring til Håøya i Meland tirsdag kl 1600

Hei

Håøya og mogeleg opprustning av kommandantbustaden har kome sterkt på dagsorden i det siste. Det er bra, fordi noko må skje snart om bustaden ikkje skal forfalla heilt. Siste alternativet er å riva.

Målet må vera at når den nye Alver» kommune er etablert, så skal arbeidet med å redda bustaden og etablera eit driftopplegg vera ferdig. Med si unike plassering midt i «folkasynet» over Nordhordlandsbrua, kan bustaden og heile friluftsområdet verta eit historisk symbol for den nye kommunen.

Det er mogeleg å utvikla sjølve friluftsområdet rundt, inkludert sjøsida, til å husa eit mangfald ulike aktivitetar. Mange ulike organisasjonar og einskild personar har meldt si interesse. Utfordringa er å organisera dette på ein forpliktande måte.

Eit vertskap til å leia drifta av huset ville vore flott, og vi har fått interesserte som kan tenkja seg ei slik rolle.

På **tirsdag 19. juni** vert det ei befaring til Håøya for å sjå på tilhøva og uformelt drøfta korleis ein kan koma vidare.

BOF køyrer med båt frå Helleneset kl 1515 og er ved Håøya via Litle Bergen kl 1600.

Med venleg helsing

Åge A. Landro

-adm. leiar-



*Bergen og Omland  
Friluftsråd*

Hellebakken 45

5039 Bergen

Tlf: 55 39 29 50

Faks: 55 39 29 59

Nettsider: [www.bof.no](http://www.bof.no)